



Jone Rørheim Kjærland - einsleg humanistisk konfirmant i Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det var ein humanistisk konfirmant Uskedalen i fjor, og det er det også i år. Det er Jone Rørheim Kjærland (15).**

Den høytidelege seremonien som avsluttar kurset for dei humanistiske konfirmantane i Odda finn stad laurdag i kinoen, der Human-Etisk Forbund har samla konfirmantane frå kommunane Odda, Ullensvang og Kvinnherad. I dette området er det i år 16 humanistiske konfirmantar.

Dette året er det 2 humanistiske konfirmantar frå Kvinnherad og den andre er Morten Wilhelmsen frå Rosendal.

Humanistisk konfirmasjon (tidlegare kalt borgarleg konfirmasjon) er eit alternativt tilbod om livsyn og etikk til dei som ynskjer å markera at dei tek steget frå barn til vaksne.

Tema under samlingane konfirmantane har delteke i sidan tidleg i vinter varierar frå kroppen til miljøet og kvar gong dei møtast blir konfirmantane utfordra på meiningane sine, les vi i Hardanger Folkeblad.

Læresetningar førekjem ikkje - ungdommane må tenkja sjølv. Arrangøren understrekar at målsetjinga er å styrkja dei unge si evne til sjølvstendig tenkjing og etisk handling.

Humanistisk konfirmant Jone sier til uskedalen.no at han aldri har kjend noikon tilknytning til eller vore tilhengar av kyrkja. Han tok sjølv avgjerda om ikkje å konfirmere seg i kyrkja, utan påverknad utanfrå.

Av Ola Matti Mathisen